

14. januar 2016

## Rapportering bruk av museumsplanmidlar Sunnhordland museum tildelt 2014:

### **Sikring og opprusting av Sæbøtunet:**

Sunnhordland museum blei i Kultur- og ressursutvalet sitt møte 3. desember 2014 tildelt midlar til sikring og opprusting av Sæbøtunet. Dette tunet er «gamletunet» på ein av dei eldste gardane i Etne, og det største autentiske museumstunet i regionen. Sunnhordland museum tilbyd undervisningsopplegg i tunet, og har ope heile sommarsesongen.

Bygningane i Sæbøtunet syner sosiale tilhøve, byggeskikk og handverk på 17- og 1800-talet. Dei siste ti åra har fleire av bygningane vore prega av eit etterslep på vedlikehald som Sunnhordland museum har byrja å bøta på. Museet har nytta midlane frå fylket til å restaurera «skykkjene» mot aust og vest på hovudløa i tunet. Mot aust er det nytta rasteskifer og mot vest er det lagt nytt torvtak. I tillegg er det skifta kledning på «skykkjene», og ein har reparert taket på hovudløa, og ljoren i stovehuset. Sunnhordland museum har også sikra taket på eldhuset, då torvastokken var øydelagt og torvtaket holdt på å rasa ned.



«Skykkja» mot vest på hovudløa i Sæbøtunet i Etne ferdig restaurert med nytt torvtak hausten 2015.

### **Sikring av Halsnøy kloster:**

Sunnhordland museum blei i Kultur- og ressursutvalet sitt møte 3. desember 2014 tildelt midlar til sikring av Halsnøy kloster. Museet fekk i 2014 støtte frå Norsk kulturråd til brann- og tjuveriførebyggjande tiltak på Halsnøy kloster, der ein tidlegare ikkje har hatt brann- og

tjuverialarm installert på hovudhuset. I tildelinga frå kulturrådet var prosjektet ikkje fullfinansiert og museet søkte difor fylket om ekstra midlar til å dekka det resterande beløpet. Sunnhordland museum har no installert brann- og tjuverialarm på Halsnøy kloster og teke denne i bruk.

Sunnhordland museum takkar Kultur- og ressursutvalet og Hordaland fylkeskommune for viktige midlar til sikring og opprusting!

Jane Jünger  
Direktør Sunnhordland museum